



Kommunane i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hilde Marianne Lien, 33 37 23 71

Varsel om forvaltningskontrollar innan landbruksområdet i 2023 for kommunane i Vestfold og Telemark

Kvart år sakshandsamar kommunane mange søknader innanfor tilskotsordningane i landbruket. Det er Statsforvaltaren si rolle og ansvar å kontrollere kommunen si forvaltning av desse tilskotsmidlane. Heimelen for kontroll med forvaltinga av dei økonomiske verkemidla, følgjer av regelverket for økonomistyring i staten.

I reglementet for økonomistyring i staten § 15 står det at overordna verksemd (Statsforvaltaren) har ansvar for å kontrollere at underliggende verksemder og einingar utanom statsforvaltinga som utøver forvaltningsmynde (kommunane), utfører sine oppgåver på ei forsvarleg måte og i samsvar med § 14.

§ 14 i økonomireglementet seier at alle verksemder skal etablere internkontroll og inneholder krav til internkontrollen. Internkontrollen skal bidra til å førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar ved handsaminga av tilskotssaker. I forvaltningskontrollen skal Statsforvaltaren sjå til at det er etablert hensiktsmessige system og rutinar for effektiv internkontroll i kommunane og at tilskotsforvaltinga i praksis skjer på rett måte, i samsvar med krav og regelverk. Forvaltningskontrollen er knytt til oppgåva Statsforvaltaren har med å rettleie og følgje opp kommunane i forvaltinga av dei økonomiske verkemidla.

I 2023 vil Statsforvaltaren legge vekt på vidareføring av arbeidet i kommunane med internkontrollen for dei økonomiske tilskotsordningane innan landbrukssektoren. Internkontrollen skal vere forankra og integrert i kommunen sitt styringssystem.

Kvart år utarbeidar Statsforvaltaren ein risikobasert kontrollplan som sikrar at vi nyttar ressursane rett i forhold til risiko, at vi over tid kontrollerer alle ordningane og at alle kommunane i fylket får kontrollbesøk. Dei fleste kontrollane vert gjennomført ved besøk i kommunen, og inneholder ein feltkontroll, mens nokre kontrollar gjennomførast som dokumentkontroll.

På grunn av pandemien, gjennomførte vi fleire møte/besøk i kommunane digitalt i 2020 og 2021. Dette har vi gode erfaringar med, og vi vil vidareføre bruk av digitale møte også i 2022. Særleg er



dette aktuelt for dei avsluttande møta. Bruk av digitale møte vil også gjøre møta mindre ressurskrevjande for kommunane med tanke på deltaking.

For 2023 er desse tilskotsordningane og kommunane valde ut til kontroll:

Kommune 2023	Ordning	Ordning	Ordning
Kviteseid	Skogfond	RMP	SMIL
Nissedal	Skogfond	RMP	SMIL
Fyresdal	Skogfond	Avløsning ved sykdom og fødsel	
Drangedal	Produksjonstilskudd		
Midt-Telemark	Avløsning sykdom og fødsel		
Skien	NMSK veger og vegvedlikehold		
Porsgrunn	NMSK veger og vegvedlikehold		
Siljan	NMSK veger og vegvedlikehold		
Bamble	NMSK skogkultur		
Larvik	Avløsning ved sykdom og fødsel		
Sandefjord	Produksjonstilskudd	Avløsning ved sykdom og fødsel	
Færder	Avløsning ved sykdom og fødsel	RMP	SMIL
Tønsberg	NMSK veger og vegvedlikehold	NMSK skogkultur	

I år vert forvaltningskontrollane gjennomført både vår og haust for å få ei betre fordeling av arbeidet og ressursbruken gjennom året. Vi er avhengige av at jordbruks- og skogbruksansvarlege og/eller sakshandsamar kan delta og hjelpe under desse kontrollane. Vi ønskjer at kommunedirektør/einingsleiar kan vere til stades ved eventuelle oppstartsmøte og ved avslutninga av kontrollen (sluttmøte). Fortrinnsvis vert desse møta gjennomført digitalt.

Vi vil med dette brevet varsle om kontrollane. I neste omgang vil vi ta konkakt for å avtale aktuelle tidspunkt for kontroll med kvar einskild kommune. Dataane vil vi deretter stadfeste med brev som også gir fleire detaljar om tema, innhald og tidsplan.

Vi ser fram til god dialog med kommunen som landbruksmynde.

Med helsing



Olav Sandlund (e.f.)
Landbruksdirektør

Hilde Marianne Lien
Fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarliste:			
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITESEID
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY